

Fra: Fylkesordfører (Fylkesordforar@hfk.no)
Sendt: 14.10.2015 15:51:02
Til: Statsministerens kontor
Kopi:

Emne: Rydd opp i Sellafieldanlegget no! - uttale frå Hordaland fylkeesting

Vedlegg: image001.png

Saksnr. 2015/8896-3

Til

Regjeringa v/Statsministeren sitt kontor

Hordaland fylkeesting har i møte 13. oktober 2015 samrøystes vedteke slik uttale:

"Rydd opp i Sellafieldanlegget no!

Hordaland fylkeesting er sterkt uroa over at oppryddinga på Sellafieldanlegget igjen er truga og dreg ut i tid. 21 tankar med radioaktivt avfall på anlegget skulle vore tømt i 2015, men dette er no utsett.

Hordaland er eitt av dei to fylka som vil bli hardest råka ved eventuelt utslepp frå Sellafield, jfr. rapporten frå Statens Strålevern frå 2009. Norske strålemyndigheiter rekna i 2007 ut at dersom berre 1 prosent av avfallet i tankane slepp ut, står Noreg – og spesielt Rogaland og Hordaland – overfor eit utslepp som er sju til ti gonger større enn det vi opplevde etter Tsjernobyl.

Sellafield har vore represseringanlegg som skil uran, plutonium og andre fisjonsprodukt frå brukt atomdrivstoff. Denne prosessen gir store mengder radioaktivt avfall som er lagra i området under dels dårlege tilhøve. Det er uheldig med utsetjing sidan jo lenger tid arbeidet tar, jo større blir risikoen for ei ulykke eller utslepp av større mengder radioaktivitet.

Magasinet The Ecologist publiserte i fjor bilete (sjå lekkja under) som avslører at delar av anlegget er mosegrodd og i dårleg forfatning. Måker som badar i gamle, opne basseng fulle av brenselstavar, er noko av det som blei dokumentert.

Kostnadene til opprydding på Sellafield vert stadig større. Britisk riksrevisjon anslår at kostnadene blir minst 53 milliardar pund, dvs. meir enn 600 milliardar NOK. Arbeidet med å rydde opp vert både forsinka og dyrare. Britiske myndigheiter skal i haust gjennomføre relativt store kutt i statsbudsjettet, det er uvisst om dette gir endra løyvingar til Sellafield.

Etter internasjonale avtalar skal utslepp av radioaktivitet frå slike atomanlegg vere nær null innan 2020. Kostnadar og utsetjingar gjer at britiske myndigheiter kan vere i fare for å ikkje greie dette målet, og det uroar Hordaland fylkeesting sterkt.

Hordaland fylkeesting ber derfor Regjeringa om at det blir teke initiativ for å sikra at målet om nær null utslepp av radioaktivitet blir nådd.

<http://www.tu.no/kraft/2014/10/31/se-tilstanden-til-sellafield-kjernekraftverket>

<http://www.nrk.no/verden/utsetter-tomming-av-21-tanker-med-radioaktivt-avfall-1.12057468> "

Venleg helsing

Anita Fjellheim

spesialkonsulent

Økonomi- og organisasjonsavdelinga | fylkessekretariatet



Tlf: 55 23 90 15 | Mob: 928 05 835
www.hordaland.no